

Emne: Informasjon til emnekontakt

Hei!

Tusen takk for at du har tatt på deg rolla som emnekontakt i [EMNE].

Som emnekontakt har du ei viktig rolle i evalueringa av emnet. Du vil vere involvert i to typar evaluering; (1) undervegsevaluering og (2) evalueringsmøtet.

Emnekontakten er bindeledd mellom studentane og emneansvarleg, og har ansvar for å gi tilbakemeldingar underveis og i evalueringsmøtet. Det er ønskjeleg at du også vidareformidlar tilbakemeldingar frå dine medstudentar.

UNDERVEGSEVALUERING:

Dette er evaluering av emnet underveis medan emnet går. Dette gir emneansvarleg moglegheit til å justere opplegget i emnet. Dette er ekstra viktig når emnet går digitalt!

Du og emneansvarleg avtaler korleis du skal gi tilbakemeldingar. Det er t.d. mogenhet å avtale eit møte.

EVALUERINGSMØTE I VEKE 4:

På slutten av kvar bokk arrangerer me evalueringsmøte for alle emna som har gått i denne bolken.
(For bokk 3 deler me opp emna i substansemne og metodeemne.)

Her gir alle emnekontaktane tilbakemeldingar frå sine emne. Det ønskjeleg at emnekontakten i forkant samlar inne tilbakemeldingar frå studentar som har tatt emnet (t.d i eit møte, nettskjema, facebook og liknande)

Vurder gjerne undervising, obligatoriske arbeidskrav, pensum, informasjon om emnet, bruk av Canvas, eksamensform.

Ta gjerne kontakt dersom du har spørsmål eller ønskjer å ta ein prat om evaluering!

Helsing

XX